

Arkivnr: 2017/4777-1
Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.06.2017

Tilskotsordninga Museumsløft. Revidering av retningslinjer.**Samandrag**

Saka gjeld revidering av retningslinjene til tilskotsordninga Museumsløft i samsvar med handlingsprogram 2017 for Regional plan for kultur 2015-2025, sjå [PS 104/2016, Fylkestinget 13. desember 2016](#). Dei gjeldande retningslinjene for tilskotsordninga Museumsløft vart handsama og [vedteke](#) i sak om [museumsplanmidlar 2016, PS 11/2016](#), i Fylkestinget 8. mars 2016 som «Museumsløft 2016».

I budsjettet for 2017 er det løyvd 2 mill. kr til museumsløft. Tilskotsordninga Museumsløft har såleis 2 mill. kr. til fordeling i 2017.

Fylkesrådmannen foreslår at namnet på tilskotsordninga vert endra frå «Museumsløft 2016» til «Museumsløft 2017». Ved å ha årstal knytt til seg får ein betre oversikt over satsinga dei einskilde åra, samstundes som det fangar opp dynamikken i det årlege handlingsprogrammet for den regionale kulturplanen. I handlingsprogram 2017 for Regional plan for kultur 2015-2025 er tiltak C, *Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jmf. Regional plan for museum 2011-2015* eit tiltak med prioritert 2, det vil seie at det ikkje skal prioriterast like høgt som tiltak med prioritert 1. Under finansiering vert det opplyst at tiltaket skal gjennomførast med administrative ressursar i 2017. Det betyr at musea i vidareføring av satsing på fellestenester innan område som ikkje naturleg høyrer til fellestenester under Bevaringstenestene (tiltak D), må prioritere kva andre fellessatsingar ein vil ha, for så å arbeide fram gode prosjektsøknader til 2018. Satsingar under tiltak C vert såleis å kome attende til under «Museumsløft 2018».

Under *Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak* foreslår fylkesrådmannen endring i setninga: «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar for sitt museum/tiltak» til «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar på eit prioritert tiltak.»

«Museumsløft 2017» fører vidare satsingar frå 2016 med Tiltak A, Styrkje musea i høve drift og investeringar, Tiltak B, Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015, Tiltak D, Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning. Alle desse tiltaka kan gi rom for fellesprosjekt mellom fleire av de konsoliderte musea i Hordaland.

Forslag til vedtak

1. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling støttar fylkesrådmannen sitt forslag om at tilskotsordninga Museumsløft har årstal knytt til seg, slik at for 2017 vert det ei endring i namnet frå «Museumsløft 2016» til «Museumsløft 2017».

2. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til at tiltak C, *Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jmf. Regional plan for museum 2011-2015*, ikkje vert del av tilskotsordninga i 2017. Tiltaket er ikkje prioritert med museumsloftmidlar i handlingsprogrammet for 2017, og vert såleis å kome attende til i 2018.
3. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til endring i følgjande setning under søknadskrav, sakshandsaming og vedtak frå «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar for sitt museum/tiltak» til «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar på eit prioritert tiltak.»

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.06.2017

I budsjettet for 2017 er det løyvd 2 mill. kr til museumsløft. Hordaland har ti konsoliderte museum: Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, KODE, Museumssenteret i Hordaland, Museum Vest, Olav H. Hauge-senteret, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Sunnhordland museum. Om løyvinga står det følgjande i budsjettomtalen:

«Musea er av dei viktigaste kulturinstitusjonane i Hordaland og fylkeskommunen har ansvar for å forme museumspolitikken i fylket. Løyvinga til Museumsløft styrkar det regionale museumsarbeidet og bidreg til å utvikle sektoren i tråd med vedteken kulturplan og handlingsprogram.»

Retningslinene for «Museumsløft 2016» vart handsama og vedteke i sak om museumsplanmidlar 2016, PS 11/2016, i Fylkestinget 18. mars 2016. Desse vert no ført vidare i «Museumsløft 2017». Regional plan for Kultur 2015-2025, Innsatsområde 16 Museumsløft, inneheld satsingane som tilskotsordninga er basert på. Dei årlege prioriteringar kjem fram i handlingsprogrammet.

Endringane som fylkesrådmannen foreslår er skifte i namn for tilskotsordninga frå «Museumsløft 2016» til «Museumsløft 2017». Ved å ha årstal knytt til seg får ein betre oversikt over satsinga dei ein skilde åra, samstundes som det fangar opp dynamikken i det årlege handlingsprogrammet for den regionale kulturplanen. Fylkesrådmannen viser til at i handlingsprogram 2017 for Regional plan for kultur 2015-2025 er tiltak C, *Utarbeide fellelesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jmf. Regional plan for museum 2011-2015*, eit tiltak med prioritert 2, det vil seie at det ikkje skal prioriterast like høgt som tiltak med prioritert 1, og at ein under finansiering i 2017 ser for seg at tiltaket vert gjennomført med administrative ressursar. Det betyr at musea i satsing på fellestenester som ikkje naturleg høyrer til fellestenester under Bevaringstenestene (tiltak D), må prioritere kva satsingar ein vil ha, og deretter arbeide fram gode prosjektsøknader til 2018. Satsingar under tiltak C vert såleis å kome attende til under «Museumsløft 2018». Under *Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak* foreslår fylkesrådmannen endring i setninga: «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar for sitt museum/tiltak» til «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar på eit prioritert tiltak.»

«Museumsløft 2017» fører vidare satsingar frå 2016 med Tiltak A, Styrkje musea i høve drift og investeringar, Tiltak B, Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015, Tiltak D, Styrkje Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning. Alle desse tiltaka kan gi rom for fellesprosjekt mellom fleire museum.

Retningslinene for «Museumsløft 2017» er i samsvar med retningsliner utarbeida for andre tilskotsordningar under Kultur- og idrettsavdelinga. Dette gjer det mogleg for musea å synleggjere sine behov, samstundes som dei kan samarbeide om prosjekt som kjem fleire museum til gode. «Museumsløft 2017» skal gå til gode prosjekt som kan løyse utfordringar på kort eller lengre sikt innan innsatsområde 16 Museumsløft i Regional plan for kultur 2015-2025.

Retningsliner for tilskotsordninga "Museumsløft 2017"

Føremål

Museumsløft skal styrke musea og vidareutvikle gjeldande satsingar frå Regional plan for museum 2011-2015. Musea skal utviklast som sterke kunnskapsentra og organisasjonar og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.

Kven kan søkje

Dei ti konsoliderte museumseiningane Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, KODE - Kunstmuseene i Bergen, Museumssenteret i Hordaland, Museum Vest, Norsk Vasskraft- og industristadmuseum, Olav H. Hauge-senteret, Sunnhordland museum.

Kva kan støttast

Søknader knytt til Kulturplanen sitt innsatsområde 16 Museumsløft med følgjande tiltak:

Tiltak A, Styrkje musea i høve drift og investeringar

Tiltak B, Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015

Tiltak D, Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvaltning

Ytterlegare moment ved vurdering av søknad/skjønsutøvinga, i uprioritert rekkefølge:

1. Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
2. Kvalitet på tiltaket
3. Museet som samfunnsaktør
4. Fokus på fornying
5. I kva grad ei tildeling vil løyse særlege utfordringar

Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak

Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar på eit prioritert tiltak. I tillegg kan museet sende inn ein eller fleire fellessøknader med eit eller fleire av dei andre konsoliderte musea.

Søknaden må innehalde prosjekttale med god skildring av tiltaket og bakgrunn for søknaden. Den skal knytast opp mot hovudinnhaldet i *Regional plan for museum 2011-2015* med vekt på musea som samfunnsaktør og ein eller fleire av dei fire f-ane forvaltning, forskning, formidling og fornying. Budsjett skal leggjast ved. Det skal opplysast om gjennomføringsperiode. Det skal opplysast om kva for tiltak under innsatsområde 16 Museumsloft tiltaket fell inn under.

Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggjast ved rapport.

Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskotsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.

Forvaltningslova skal leggjast til grunn for all søknadshandsaming i Hordaland fylkeskommune. Alle søknader er offentlege.

Kultur- og idrettsavdelinga førebur søknadene for politisk handsaming og vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunnjevast i saksframlegget. Vedtak som avvik frå fylkesrådmannen si innstilling skal også grunnjevast. Utvalet har møte ein gong i månaden.

Oppfølging, rapportering og kontroll

Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

Dei som får tilskot til publikasjonar skal levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format.

Klage

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre – 3 – veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar mottok melding om vedtaket. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Hordaland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen eller hfk@hfk.no merka "Museumsloft. Klage."

Vi gjer merksam på at søkjarar etter Forvaltningslova har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.